

MOTMÆLE

GJEVE UT AV NORSK MÅLUNGDOM • FRAMHALD AV EG • 30. ÅRGANGEN • 30 KR

03-16
NR 82



Samnorsk i verdensrommet

I ein fjern ende av verdensrommet lærer norskætta romfararar romvesena å snakke samnorsk. Vegard Storsul Opdahl skriv om norske innslag i science fiction.

SIDE 16-17



VERNOR VINGE A FIRE UPON THE DEEP

Heart-pounding
mind-expanding
science fiction
at its best
- Publishers
Weekly

Älvdalsk på agendaen

Då älvdølane ville definere älvdalsk som eige språk, kom det til krangel mellom svenske styresmakter og internasjonale organisasjonar. Mats Blekstad fortel.

SIDE 12-13

Målfest i Søgne

Sumarteiren i Søgne baud på att ein god sumarleir skal ha. Og fotballturneringa vart som vanleg ein real målfest.

SIDE 6-7

Løynde skattar i NRK-arkivet

Freistar det med Aasen-dokumentarar, glitter og glam eller norsk science fiction? Martine Rørstad Sand grev fram gullkorn i NRK-arkivet.

SIDE 14



Målbyte mot straumen

Målbyte er ikkje berre noko som skjer i randsonene. Henrikke Madeleine Furu fortel om vegen frå bokmål til nynorsk i bokmålsland.

SIDE 5

Ny haust – nye målungdomar

Rundt om i landet har målungdomslag ved skular og studiestader presentert seg for eit nytt kull, og det fløymer inn nye medlemmer i verve-kampanjen.

SIDE 4-5

bladstyrarteigen



Alle me målungdomar likar nynorsk, dialektane og Ivar Aasen. Me tykkjer språkleg fridom er viktig, og me trur at ei verd med meir nynorsk på fleire område er mogleg. Likevel tykkjer mange det er vanskeleg å verve fleire til denne flotte fellesskapen. Under eit punkt om verving på landsstyremøtet vårt i august var det nokon som sa: «Det er så flaut når den eg spør, seier nei!» Sjølv sagt er det alltid litt kjipt å be med seg nokon og få eit nei. Men er det eigentleg så gale?

For mange er språkval og politisk engasjement eit personlege tema. Difor er ikkje nei-et du kanskje får, knytt til deg som person. Nokre har ikkje råd til å betale medlemspengane nett då. Mange er med i ei rekkje organisasjonar og ikkje har plass til fleire på lista, medan andre ikkje er med i ein einaste organisasjon og føler at lista ligg høgt for å ta eit så sterkt standpunkt i ei sak. Ein god del er rett og slett litt irriterte på nynorsken (eller sidemålsordninga) fordi dei ikkje har hatt noko kjekt møte med språket. Ingenting av dette er din feil, sjølv om ein kan kjenne på eit visst ansvar når den ein snakkar med, seier: «Nei, det der er ikkje noko for meg!»

Difor er det lurt å tenkje at det viktigaste ikkje er om den du spør, melder seg inn. Det som er viktig, er at fleire får ein sjanse til å vite meir om Norsk Målungdom og kvifor det me jobbar med, er så viktig. Dessutan: Om du ikkje spør, vil den du snakkar med, kanskje aldri vurdere å bli medlem. Du veit aldri kven som faktisk svarer ja!

I dette nummeret av Motmæle kan du la deg inspirere av bilete frå lokallaga våre på vervestand. Fleire hadde stand i starten av skuleåret, og dei har gjort ein strålende innsats med å få med fleire i Norsk Målungdom. Men du treng ikkje ha eit heilt lokallag i ryggen for å verve. Du kan sitje trygt og godt heime hjå deg sjølv og sende ei melding til nokon du alltid har tenkt at burde vore med i Norsk Målungdom. Me treng alltid fleire folk som kan stå på for nynorsken, som kan drive lokallaga våre, eller som berre vil vere støttespelarar på sidelina. Ta ein sjanse, spør dei i dag!

Kirsti Lunde

Ein Zac har alltid to sider



Illustrasjon: Vegard Storsul Opdahl

leiarteigen

Set lærestaden din på plass!



Hausten er komen, og like sikkert som at blada gulnar på trea, er det at ein haug med skular der ute trakk på nynorskelevane sine språklege rettar. Det kan me ikkje finne oss i, og saman skal me ta kampen for å betre vilkåra for nynorskbrukarane.

Du har kanskje nett byrja på ungdomsskulen, på vidaregåande eller teke til på høgare utdanning. For mange er ikkje dette berre ein overgang frå eitt skuleslag til eit anna, men òg ein overgang frå å vere i trygge språklege

omgjevnader til å plutselig vere ein del av eit mindretal i eit område der nynorsken ikkje er like sjølv sagt. Det er ikkje alltid det medfører problem, men for mange vert det starten på ein kamp for språket sitt.

Som elev er det ikkje alltid ein har oversyn over kva ein har rett på og ikkje, og i møte med ein ny skule, ein ny stad og nye lærarar er det nok mange som slår seg til ro med at slik er det her. Det finst døme på skular som automatisk har registrert alle elevane med bokmål som hovudmål utan å høyre med eleven sjølv kva han ynskjer. Det er òg mange skular som ikkje tek seg bryet med å finne ut kva for lærebøker elevane vil ha, og berre tilbyr lærebøker på bokmål fordi dei går ut ifrå at det er det alle skal ha.

I slike situasjonar er det nok fort gjort å tenkje at «åja, det er vel bokmål som er greia her», men så har me òg dei elevane som skjønner at noko ikkje er som det skal, og som står på krava for at skulen skal oppfylle dei språklege rettane til elevane. Me kan sjølv sagt ikkje vente at unge elevar i ein ny og

kanskje sårbar situasjon skal stå opp mot skulen på eiga hand, men all heider og ære til dei som er tøffe nok til det. Det me kan vente, er at skulane skal bidra til å gjere elevane til trygge språkbrukarar. Det gjer ein ikkje ved å skite i at elevar skriv nynorsk, ynskjer å halde fram med det og difor òg treng å få sjå språket sitt i kvardagen, og særskilt i skulesamanheng. Skulane treng å bli sette på plass om dei yter elevane sine urett, for det skal ikkje vere vanskelegare å vere nynorskbrukar enn bokmålsbrukar.

Om du er ein av dei som har støytt på situasjonar der skulen ikkje gjev deg det du har krav på, eller om du er usikker på om du til dømes faktisk har rett på å få lærebøkene dine på nynorsk, og om du ikkje torer heilt å seie ifrå til dei ansvarlege, så skal du vite at du ikkje er aleine. Det er berre å ta kontakt med oss i NMU, så skal me ta kampen saman. Me skal ikkje late oss bli trakka på!

Synnøve Marie Sætre
synnove.marie@nynorsk.no

Norsk Målungdom
Postboks 285 Sentrum
0103 OSLO
E-post: kirsti@nynorsk.no
Telefon: 23 00 29 40
ISSN: 0809-2109

Bladstyrar: Kirsti Lunde
Bladstyre: Synnøve Øien Frøyen
Fredrik Heimsæter
Ivar Mekonnen Germiso Arnesen
Vegard Storsul Opdahl
Bladbudnad: Vegard Storsul Opdahl

Korrektur: Vegard Storsul Opdahl
Prenteverk: Sogn og Fjordane avis-trykk
Tinging (eitt år): 200 kr
Sal av lysingar: Rimelege prisar etter avtale. Ta kontakt på kirsti@nynorsk.no.

Bidrag: Me tek gjerne imot stoff frå lesarane. Artikkelforfattarane står sjølv ansvarlege for innhaldet i artiklane sine.


FLEIRSPRÅKLEG FRAMTID

Haustkongeransen i Stokke
30. september–2. oktober

400,- kr*, vi dekker reisa!

Påmelding: maalungdom.no

*innan 29. september

 Norsk Målungdom





Studentmållaget på Ås

Bjørg Dysjaland, Åsmund Kvifte og Astrid Myren fekk med seg reiseskrivar Hannah Kolås og målungdomsleiar Synnøve Marie Sætre då dei stod på stand på Graskurset på Ås.




Katta Målungdom

Ivar Mekonnen Germiso Arnesen lokka til seg nye Katta-medlemar med kjeks og jakkemerke.



Kongsgård Elevmållag

Lokallaget vårt på Stavanger katedralskule verva fleire nye målungdomar då Olav Wixøe Svela og resten av gjengen stod på stand i skulegarden.



Studentmållaget i Oslo

Elise Tørring og Karl Peder Mork frå Studentmållaget i Oslo fekk selskap av reiseskrivar Hannah Kolås då dei hadde vervestand på Høgskulen i Oslo og Akershus. Dei verva heile 10 nye medlemar!





Studentmållet i Stavanger

På Engasjertdagen på Universitetet i Stavanger verva Svein Soldal Eggerud og Amanda Tveit Lavalette nye medlemmar med kake og godt humør.



Søre Sunnmøre Målungdom

Stemninga var super då Søre Sunnmøre sette det som ser ut til å bli ververkorden i årets vervekampanje: 19 nye medlemmar på ein dag!



Studentmållet i Tromsø

Med nye T-skjorter og anna nynorsk-stæsj freista Sebastian Amirian Bakke og Sigrun Melhus Mellomjord å få fleire medlemmar til Studentmållet i Tromsø.



Studentmållet i Nidaros

Ingeborg Storesund Nes og Eline Bjørke synte fram Studentmållet i Nidaros på immatrikuleringsstand på NTNU.



Studentmållet i Bergen

Marta Nagel-Alne og Håkon Remøy fekk mykje merksemd med finfint tilfang på semesterstartsstand.

SUMARLEIR 2016

Dæ va gama!



Den årvisse fotballturneringa var mellom dei mange høgdepunkta på sumarleiren på Sørlandet.



Samuele
Mascetti

SUMARLEIR

Sumaren er kort i Noreg. Pensum og førelesingar er tolmodige og får godt bia eit par månader kvart år, men dei kjem støtt att med seinsumarens regntunge skyer og lengt etter dei solrike, late dagane. Om det då er éin ting målungdomar kan gleda seg til attåt sjølve sumartida, er det NMU sin sumarleir. I år var han på Tangvall skule i vakre Søgne, ein liten sørlandskommune rett vestanfor Kristiansand.

Blå himmel og grønne flater var det som venta på oss då me kom til skulen tysdag 5. juli, gjerne småtrøyte etter reisa, men spente på alt som skulle skje fram til sundag 10. juli. Omtrent 35 målungdomar frå heile landet reiste

til Søgne for å vera med på seks dagar fullpakka med forvitnelege føredrag og spanande aktivitetar.

Etter å ha funne seg ein høveleg soveplass og fått litt naudsynt næring (kaffi og kjeks, etter eldgamal NMU-tradisjon) byrja programmet med ein gong, og me vart ynskte velkomne av to utsendingar frå Søgne Mållag. Søgne er nok ikkje ein utprega nynorskommune, lell viste det seg at det finst eit lite, men aktivt nynorskmiljø.

Etter at me lærte at ein tilsett heiter *amplây* på søgnemål, kom storsjefen Magne Aasbrenn til orde og heldt då ein av sine fyrste offisielle talar som nyvald leiar i Noregs Mållag. Han snakka mykje av eiga erfaring med skuleelevar i Østfold: Det er heilt tur-

vande at unge språkbrukarar tidleg innser at nynorsk er ei verdig målform med ei viktig rolle i samfunnet. Det å få ungdomar til å skjønna at prosjektet åt Aasen var banebrytande («helt gær-ent», rettare sagt), er det viktigaste når det kjem til skuleformidling, sa han Magne.

Føredraga vart avslutta med applaus, utdeling av NMU sine verdskjende gødteposar®, takk og farvel.

Etter kaffi og kjeks (ja, igjen) flytta me til gymsalen for nokre vertkjende-leikar med Kristofer, slik at me unngjekk å lyta kalla kvarande for «Dul!» i fem dagar.

Me åt då middag og brukte kvelden på ein holleg hard natursti; laget mitt vann diverre ikkje, trass både intellektuell og fysisk topprestasjon. Den fyrste leirdagen var so omme.

Omtrent 35 målungdomar frå heile landet reiste til Søgne for å vera med på seks dagar fullpakka med forvitnelege føredrag og spanande aktivitetar.

Onsdagen byrja med litt yoga med Kirsti, der me lærte å helse sørlandssola på retteleg vis. Etter bisk fekk me velja blant ymse «parallele punkt» organiserte av sentralstyret, og etter lunsj fekk me besøk frå stortingsrepresentant Sveinung Rotevatn. Han snakka om argumenta dei ulike partia nyttar for å støtta eller motsetja seg nynorsken (til dømes nynorsk som kulturarv for Høgre, som demokratisk språk for Venstre, som folkespråk for Ap, som distriktsspråk for Sp og som minoritetsspråk for Raudt).

Dinest kom Sylfest Lomheim *straight outta Indre Sogn*: dongeribrok, T-sjorte frå einkvan festival, skjegg og kvasse meiningar ytra på endå kvassare søgnemål. Han tala om eitt og hitt rundt temaet «Nynorsk og demokratiet». Føredraget vart fort til debatt, og alle vart samde om at nynorsk er meir demokratisk, folkeleg, grammatisk funksjonelt og semantisk gjennomsynleg enn bokmål. Herleg!

Om kvelden underheldt Gunnhild med kviss (laget mitt vann ikkje, igjen).



Hope(n) held kiosken open. LED-skiltet på nynorsk er eit verkeleg funn.



Mykje blod, sveitte og tårer seinare vart eit vinnarlag kåra.

På torsdagen koste me oss med parallelle aktivitetar. Eg fekk læra meir om dikteren Tor Jonsen og drøfta NMU sine meiningar. På ettermiddagen heldt André Dannevig foredrag om språkbyte blant skuleelevar i Oslo, eit interessant emne for både dei som framleis går på skule og dei som studerer for å jobba i skulen (brorparten av NMU).

Seinare fekk me ei stutt innføring i samiske helsingar og sjekketriks av Isalill Kolpus, leiar i Noereh. Det var stas! I kveldseta vitja Øystein Skjæveland oss. Gamle nynorskslagerar og nye, originale songar klang på Tangvall skule, og stemninga var skyhøg.

Fredagen var dagen alle såg fram til. Me køyrde buss innover i Setesdalen og fylgde ferda hans Ivar Aasen til Valle, som Karl Peder grundig fortalde om. Me var på omsynning på Setesdalsmuseet og såg mange gamle reiskapar og fine plagg.

Deretter snakka Astrid Rysstad frå Setesdal spelemannslag om forsøket på å få setesdalsmusikk inn i UNESCO si liste over immateriell kulturarv. Omsider fekk me møta NMU sitt uoffisielle totemdyr, Sigurd «Signeur» Brokke, mannen bak nettsida vallemål.no, som har vigd livet sitt til setesdalssaka. Det dirra av spaning i lufta då han trødde inn i rommet.

Somme vart mållause berre ved å høyra han helsa på oss, andre miste brått evna til å artikulera seg logisk då han tok ut den fræge munnharpa si.

Sigurd vart stadig meir oppglødd for den kjempevarme mottakinga, og dei fåe som ikkje enno var trollbundne, laut måpa i ovundring lell då han tok til å skrøna om digre setesdølar som åt tolv vërar på éin vinter og hadde hesteløfting til tidstrøyte. For ein gasta kar!

Då me klarte kråna til att frå møtet med han Sigurd, drog me til Sylvartun, der me fekk sjå ein bråte med gamle, stilige feler og hørte litt spel òg.

Laurdagen starta med yoga, frukost og parallelle aktivitetar. NTNU-professor Mila Vulchanova heldt foredrag om tospråklegheit og føremøner med å kunna båe skriftformer.

Seinare laut det kjempast på fotballbana, og etter nokre timar med blod, sveitte og tårer vart eit vinnarlag kåra (ikkje mitt, rart nok). So var det berre å fjelga seg til fest.

Me fekk servert ein lekker treretters

middag, og straks desserten var eten, vart matsalen gjord til ei scene der NMU sin eigen melodikappleik gjekk føre seg. Kvaliteten på dei ulike musikalske innspela var heilt topp, og det vart ofte lått og grått i same slått.

Sentralstyreovertakinga fylgde då med fine talar, fleire tårer, uante mengder med *gødteposar*®, handtrykk og klemmar. Ein finfin kveld, altso.

Sundagen byrja seinare og rolegare enn hine dagane. Etter frukost og ein dryg dose med standard førelesingsfôr (kaffi og kjeks) heldt Margunn Rauset foredrag om omsetjing frå islandsk til nynorsk, med særskilt fokus på faste vendingar (kjempekult, tyktest eg).

Før dugurd heldt Synnøve leiar-talen, som markerte den offisielle slutten på sumarleiren. Dinsten pakka alle tølne sine saman og fór heim att.

Snipp, snapp, snute, so var sumarleiren ute. Kaffi og kjeks. *Gødteposar*®.



Sigurd «Signeur» Brokke trollbatt forsamlinga med munnharpespel.



I Melodikappleiken var nivået som vanleg høgt, og stemninga like så.



Sylfest Lomheim og Margunn Rauset var mellom dei mange innleiarane og foredragshaldarane som gjesta sumarleiren.



Graset er grønare på den andre sida for dei som vågar å ta spranget!

Om å skifte hovudmål



**Henrikke
Madeleine
Furu**

MÅLBYTE

Ordet «nynorsk» er for nokon i Noregs land synonymt med vondt og verre. År etter år møter vi dei same diskusjonane, debattane om norske elever skal lære nynorsk på skulen eller ikkje. Oppi alt dette skal også norske skuleelevar velje kva som skal vere deira hovudmål. Eit vanskelig val, tykkjer eg. Korleis går det egentleg med ein nynorskentusiast i skulestova på det sentrale Austlandet?

Den siste tida før sommaren i år var eg ein av dei som funderte på det å byte hovudmål. Dersom eg skal byte, vil eg byrje å bruke nynorsk i alle situasjonar, sa eg til meg sjølv. Å byte frå bokmål til nynorsk som hovudmål er langt ifrå det enklaste ein kan gjere. For bokmåselevar kan det gjerne vere ekstra vanskeleg å skulle skifte hovudmål. Nynorskelevar blir så massivt eksponert for bokmål at dei i grunnen lærer det samstundes med at dei lærer nynorsk. Eg trur bokmåselevar sjeldan får ein reell sjanse til å lære

seg nynorsk skikkeleg i skulen. Det var mykje sprengpugging av nynorsk grammatikk før tentamenar og eksamenar, hugsar eg.

Bokmål er målforma eg har vakse opp med. Erfaringa mi med nynorsk utanfor skulestova har ikkje vore stor, men eg har alltid vore glad i å skrive og lese, og eg fatta kjapt interesse for sidemålet mitt. Forutan pugginga av grammatikken på skulen har eg lært

Eigentleg står skuleelevar fritt til å bruke den målforma dei sjølv ynskjer, men er valet reelt?

meg det meste på eiga hand gjennom å lese og skrive nynorsk. Det har kanskje hatt mykje å seie for engasjementet mitt, trur eg. I Oslo-området blir det også litt ei opprørssak. Her om dagen spurde mor mi meg om det er dette som er «ungdomsopprøret» mitt, då lo eg.

So kjem eg til det vanskelege spørsmålet: Vil eg gjere nynorsken til mitt hovudmål? Dersom ein skulle ha lyst til å byte hovudmål på skulen, er det egentleg ikkje vanskelegare enn at du gir læraren din beskjed om skiftet. Du har krav til å møte di eiga målform i undervisninga, og i læremidla. Eigent-

leg står skuleelevar fritt til å bruke den målforma dei sjølv ynskjer, men er valet reelt? Kor lett ville det egentleg vore for meg å byte hovudmål viss eg ville?

Eg tykkjer at nynorsken reint språkleg er meir tilfredsstillande, organisert og gjennomtenkt. Om du snakkar med meg, vil du høyre at dialekta mi er relativt pent oslomål. Eigentleg er vel talemålet mitt meir likt bokmål enn

nynorsk, men eg føretrekkjer nynorsken både av estetiske og prinsipielle grunnar. Det er også frigjerande å kunne bruke a-endingar skriftleg, slik eg nokon gonger gjer munnleg også. Det er likevel ikkje heilt uproblematisk å plutseleg skulle byte til nynorsk, spesielt i bokmålsområde, og på skulen der eg dagleg badar i bokmål.

Språkevna di har ikkje ein avgrensa liten plass i hjernen. Det blir ikkje fullt der oppe. Det er ikkje slik at læring av eit nytt språk eller ein ny språkvariant fortrengrer plassen til dei språka ein allereie meistar. Vi skal ikkje vere redde for sidemål. Språka vi har inn-

anbords, kjempar ikkje om den same avgrensa plassen. Tvert imot. Eg tykkjer dei utfyller kvarandre.

Venninnene mine stussa litt på kva eg var i ferd med å gjere. Kvifor skulle ein bokmåselev i bokmålsland byrje å nytte nynorsk, spurde nokon meg. Etter å ha argumentert for at det er viktig å ta eit aktivt val, og at nynorsken er meir representativ for dialektmangfaldet vi har i Noreg i dag, kom eg plutseleg på eit litt mindre pedagogisk, men likevel greitt argument for sta bokmåselevar.

Det aller beste med nynorsk: Ein kan leggje til alle som heiter Steinar på Facebook, i ein einaste stor gruppechat og skrive: «Eg samlar på Steinar».

Det var det som slo mest an. Det nynorsken og sidemålsundervisninga treng, er å bli snakka opp, både av lærarane, elevar og ivrige nynorskentusiastar. Eg ynskjer at nynorsken skal bli meir synleg, også utanfor dei nynorske kjerneområda! Eg meiner at skuleelevar sjølv kan finne ut kva for eit språk som kan vere nett deira verk-tøy i kvardagen!

Gjett kva som er ein pokéstop!

Ivar Aasen

The grave of Ivar Aasen. The founder of Nynorsk



Gjetta du grava til Ivar Aasen, gjetta du heilt riktig! I sommar er små og store sjåverdigheiter og interessepunkt blitt til pokéstopps der unge og gamle på Pokémon-jakt kan hente seg pokéballar og andre hjelpemiddel.

Om det er tilfeldig eller ei, veit vi ikkje, men på Vår Frelzers gravlund i Oslo er grava til nettopp Ivar Aasen blitt ein pokéstop saman med sju andre på gravlunden. Gravlunden er eit vanleg turistområde og eit turstrøk for lokalbefolkninga, så å jakte Pokémon der er ikkje så uhøyrte som det kanskje kan verke for nokon.

Ivar Aasen budde i Oslo frå 1847 og til han døydde i 1896. Han budde i Teatergata eit steinkast unna gravlunden, som òg ligg like ved Oslo katedralskole – skolen der bokmålets far Knud Knudsen var overlærer, og som i dag har det store og aktive lokallaget Katta Målungdom.

Det har ikkje lykkast Motmæle-redaksjonen å finne ut om grava til Knud Knudsen er ein pokéstop.

VEGARD STORSUL OPDAHL

Filmspalta ved Gunnhild Skjold

Film er kult! Det synest i alle fall eg, og i denne spalta skal eg prøve og smitte dokker med filmglede. Når eg ikkje er opptatt med å sjå på film, er eg leiar i Studentmållet i Tromsø, lektorstudent og forkjempar for meir nynorsk undertekst på kino.



DEN NORSKE: CAVE (2016)

Regi: Henrik Martin Dahlsbakken

Med: Benjamin Helstad, Heidi Toini, Mads Sjøgård Pettersen

Cave, som nyleg hadde premiere på Den Norske Filmfestivalen i Haugesund, er ein stemningsfull thriller, som også inneheldt det som må vere ei av dei kleinaste scenene nokon gong festa på film. Dokker som har sett filmen, veit kva eg snakkar om, og dokker som ikkje har det, kjem til å skjønne det når scena kjem.

Trass tittelen er det faktisk ein norsk film vi har å gjere med her, noko som synest godt med god bruk av norske fjellandskap, og tre av dei om lag femti skodespelarane vi har tilgjengeleg her i landet.

Filmen er den nyaste av den ekstremt flittige regissøren Henrik Martin Dahlsbakken, faktisk hans tredje spelefilm på to år, og ber kanskje litt preg av at merksemda hans ikkje berre har vore retta mot denne filmen. Sjølv om filmen kanskje kunne ha trunge litt meir flikking, var det grei underhaldning for ein kveld, og med den opne slutten kan det til og med hende du må ta ein ny tur til kinoen når oppfølgaren kjem i 2017.

DEN UTANLANDSKE:

MIKE OG DAVE TRENGER DAMER (2016)

Regi: Jake Szymanski

Med: Adam Devine, Zac Efron, Anna Kendrick, Aubrey Plaza

Mike og dave trenger damer er vagt basert på ei sann historie og omhandlar to festglade brøyr som får eit ultimatum frå foreldra sine: Om dei vil komme i søstera sitt bryllaup, må dei ta med to skikkelege damer. Dei legg ut ein annonse på Craigslist, og tilboda strøymmer inn. Dessverre for dei endar dei opp med Alice og Tatiana som gjerne vil ha ein gratis ferie på Hawaii, men kanskje ikkje er fullt så skikkelege som foreldra til Mike og Dave hadde håpa.

Det oppstår raskt intrigar og komplikasjonar med lattervekkande effekt. Dette er jo ein amerikansk komedie, og du får kanskje ikkje svar på nokon store livsspørsmål her, men filmen har glimt i auget og leverer godt som ein «popkorn-film» der du får god trening av lattermusklane.



KLASSIKAREN:

KAMPEN OM TUNGTVANNET (1948)

Regi: Jean Dréville, Titus Vibe-Müller

Med: Jens Poulsson, Henki Kolstad, Johannes Eckhoff

NRK gjorde stor suksess med miniserien *Kampen om tungtvannet* i fjor, men først kom altså filmen *Kampen om tungtvannet* allereie i 1948, med fleire av mennene som var involverte i den faktiske Vemork-aksjonen.

Historia er sikkert kjent for dei fleste: Nazistane framstilte tungtvann ved Norsk Hydros fabrikk på Rjukan. Dei allierte fann ut at dei måtte stoppe produksjonen, og rekrutterte ein gjeng norske gitarar frå Kompani Linge til å sabotere fabrikkjen.

Kampen om tungtvannet er filma nær som ein dokumentar og gir ei grei innføring i historia bak aksjonen, både planlegginga, dramatiske rømmingar på ski og sjølve sabotasjen. Det er fascinerande å sjå norsk filmkunst frå 40-talet, og det gir ein ekstra snev av realisme at dei faktiske sabotørane har vore med på å lage filmen. Sjølv om det ikkje er ei like grundig forteljing som miniserien frå i fjor, er den originale filmen vel verd å sjå.

Kva med ein Wikipedia-dugnad?

Vi nynorsk-brukarar fortener det aller beste, også det aller beste Wikipedia-tilbodet.



Eline Bjørke

LOKALAKTIVITET

Wikipedia er ein diger dugnad. Det er vanlege folk som skriv artiklane, heilt friviljug. Kven som helst kan skrive og redigere Wikipedia-artiklar, og «kven som helst» må gjere det, skal prosjektet fungere. Ifølgje Wikipedia-artikkelen om Wikipedia har Wikipedia-grunnleggjaren uttalt at formålet med prosjektet er å skape og gje ut ein så god som mogleg, fri fleirspråkleg encyklopedi til alle verdas menneske på deira eige språk.

Frå 2001 var det ei norsk utgåve av Wikipedia, med begge dei norske skriftspråka. I 2004 blei Wikipedia på nynorsk grunnlagd, og utgåva med begge dei norske skriftspråka blei til Wikipedia på bokmål og riksmål (ja, det er visst det det heiter). I skrivande stund har Wikipedia på bokmål og riksmål 444 507 artiklar, medan Wikipedia på nynorsk har 130 086 artiklar. Det er med andre ord drygt 300 000 Wikipedia-artiklar som finst på bokmål, som ikkje finst på nynorsk.

Det må vi gjere noko med. Vi veit at vi nynorskbrukarar fortener det aller beste, også det aller beste Wikipedia-



WIKIPEDIA
Det frie oppslagsverket

Hovudsida
Arbeidskontoret
Samfunnshuset
Siste endringar
Tilfeldig side
Hjelp
Gåver
Kontakt

Skriv ut / eksporter
Opprett ei bok
Last ned som PDF
Utskriftsversjon

På andre prosjekt
Wikimedia Commons
Meta-Wiki
Wikispecies
Wikidata
Wikiquote

Verktøy
Lenkjer hit
Relaterte endringar
Last opp fil
Spesialsider
Fast lenkje
Sideinformasjon
Wikidata-eksport

Hovudsida Diskusjon

Les Sjå k

Velkomen til Nynorsk Wikipedia

Grunnlagt: 31. juli 2004

Utvald artikkel veke 36



Den britiske koloniseringa av Amerika starta seint på 1500-talet og nådde ein topp då koloniar var oppretta over heile Amerika og eit protektorat vart danna over kongedømet Hawaii i Stillehavet. Britane var ei av dei viktigaste kolonimaktene i Amerika og det amerikanske imperiet deira var ein stor rival til dei spanske koloniane både militært og økonomisk.

Etter den amerikanske sjølvstendekrigen fekk dei britiske territoria i Amerika ei meir ansvarleg regjering før dei gradvis fekk sjølvstyre på 1900-talet. På denne måten fekk to land i Nord-Amerika, ti i Karibia og eitt i Sør-Amerika sjølvstyre frå Storbritannia. I dag har Storbritannia framleis åtte oversjøiske område i Amerika, som har forskjellig grad av sjølvstyre. I tillegg er ni tidlegare britiske område i Amerika, som i dag er sjølvstendige, Samveldeland. *Les meir ...*

Førre tre vekene:

Charles-Valentin Alkan – Nasjonalparkar i Noreg – Viltsvin

Arkiv – Føreslå artiklar – Gode artiklar på Nynorsk Wikipedia

Utvald skandinavisk artikkel



Kåre Opdal (født 1929) er en norsk musiker og musikkpedagog, bosatt i Trondheim. Han er mest kjent som en pionér innen utviklingen av de kommunale musikkskolene,

tilbodet. Dessutan treng samfunnet meir nynorsk. Folk treng å sjå nynorsk i kvardagen, både dei som har nynorsk som hovudmål, og dei som har nynorsk som sidemål. Vi må gjere nynorsken lett tilgjengeleg, og det gjer vi absolutt ved å lage eit godt nynorsktilbod på Wikipedia. Den store draumen må vere å få folk som vanlegvis vel bokmål, til å velje nynorsk på Wikipedia. Tenk om ein bokmålelev ser at Wikipedia-artiklane på nynorsk beint fram har betre kvalitet enn artiklane på bokmål, eller at det finst artiklar på nynorsk som ikkje finst på bokmål, og så vel hen å lese nynorsk i staden for bokmål for å førebu seg til eit framlegg på skulen.

Tenk så kult!

Viss vi skal ha eit så godt Wikipedia-tilbod, må vi lage det sjølv. Og det kan vi gjere, ganske enkelt. Det vil seie, det er ikkje berre berre å skrive ein halv million Wikipedia-artiklar med superkvalitet, men vi kan gjere mykje viss mange gjer litt. I Studentmållaget i Nidaros bidreg vi med å invitere medlemmane våre til Wikipedia-dugnad.

EIN ENKEL LOKALLAGSAKTIVITET

For å halde ein Wikipedia-dugnad treng du berre folk, datamaskiner og internett. Det er særst lite lokallaget må styre med på førehand. Det er lurt å lage ei Facebook-hending, også er det

Retningslinjer for Wikipedia

- Retningslinjene til Wikipedia stør seg på
- Wikipedia er eit oppslagsverk skriva for litteratur, fagtidsskrift og almanakkar. Artikkelen synspunkt eller erfaringar, ny forskning eller
- Wikipedia har ein nøytral synsvinkel, o
- Wikipedia er fritt tilgjengeleg. Alt innha
- Wikipedia har reglar for oppførsel. Respek
- Wikipedia har ikkje permanente reglar

<https://nn.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Grunnsetning>

Norsk Målungdom på Instagram!



synnovemarie #kjøkgjengen syner fram sumarens hovudplaggs-mote. #sumarleir #pullingoffkopphandduk



malungdom I dag er me på utflukt til Setesdall Karl Peder Mork fortel om Ivar Aasen sine reiser til Setesdal medan me køyrer same veg oppover. #sumarleir #setesdal #nynorsk #respektfordialekt



Wohoi! Norsk Målungdom er på snap! Ditor har leiaren pynta seg. malungdom Nei, har du sett? Norsk Målungdom er på snap!

fint om nokon ordnar med kjeks og saft. Dersom ein vil gjere meir ut av det, kan ein søke om frifondmidlar til å ordne pizza eller sushi eller annan praktisk ta-med-mat, eller kanskje til og med halde dugnaden på ein kafé med wi-fi. Det kan vere vel så koseleg å ha dugnaden heime hos ein styremedlem, og vel så praktisk å ha det i eit klasserom. Er det mange Wikipedia-nygebyrnarar til stades, kan det vere lurt å tinge ein plass med lerret og videokanon, slik at ein (eventuell) driven Wikipedia-skrivent kan syne fram korleis ein gjer det.

Ikkje at det er ei stor sak å skrive ein Wikipedia-artikkel. Dei av oss som skreiv blogg ein gong i ungdommen, har i grunn god peiling, det er ikkje særleg mykje meir komplisert enn det. Ein treng på ingen måte vere ekspert i programmering for å lage ein Wikipedia-artikkel som ser proff ut. Ein må sjølvsagt trøe litt med å lage dei kule boksane på sida, hyperlinkar og å få inn bilete, men ein finn ut av det med litt tolmod og eit par tastetrykk. Ein Wikipedia-dugnad fungerer nesten like godt med ein einsam skribent som med ein heil gjeng skribentar. Men jøss, så mykje trivelegare det er dersom det er ein heil gjeng. Dessutan kan ein hjelpe kvarandre.

KVA KAN DU SKRIVE OM?

Noko av det beste med å ha Wikipedia-

dugnad, er at alle kan drive med det dei interesserer seg mest for i heile verda, uansett kor forskjellige interesser folk på dugnaden har. Endeleg kan ein få bruk for kunnskapen ein fekk då ein var opphengt i ein TV-kjendis på midten av 2000-talet. Visste du at Daniel Radcliffe spelte bass i ungdommen? Ein kan skrive om favorittboka, noko i lokalmiljøet som fortener ein eigen artikkel, om regnbogen eller Teskjejerringa. Viss ein vil bruke tida superfornuftig, kan ein skrive om noko ein har fordjupa seg i på skulen, eller, endå lurare, noko ein skal fordjupa seg i. Viss det er vanskeleg å finne på noko å skrive om, kan ein starte dugnaden med ei idémyldring, og dei med skrivesperre kan gjere nytte av ideane til dei kreative deltakarane.

Det er sjølvsagt ekstra artig viss det ein skriv om, ikkje har ein artikkel på Wikipedia på bokmål og riksmål. Ein medlem i SmiN har sytt for at ein kan lære alt om Grignardreaksjonar på Wikipedia på nynorsk, medan Wikipedia på bokmål og riksmål må melde at dei ikkje har nokon artikkel med dette namnet. Men «du kan se om den finnes på nynorsk, svensk eller dansk».

Intervju på rundgang



Håkon Remøy

KVEN ER DU?

Eg er ein snart 23 år gamal kar, som kjem frå Herøy kommune på Sunnmøre, eller Remøya om eg skal vera heilt presis. Eg studerer for tida nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Bergen, og er no på det siste semesteret av bachelorgrada. Elles sit eg både i styret åt Studentmållaget i Bergen og skulemålsnemnda åt Hordaland mållag.

FORTEL LITT OM DEN FØRSTE TILSKIPINGA DU VAR PÅ:

Første tilskipinga eg var på, var kring fem år etter eg melde meg inn i Målungdomen. Det var studentsamlinga i Bergen i 2014. Det var eit særst godt høve til å verta kjend med mange gode, kjekke folk, og ikkje minst få høyra interessante innleiingar. Det gjorde det med eitt mykje lettare å fara på tilskipingar seinare.

KVA BOK HAR DU PÅ NATTBORDET DITT?

Nett no har eg *Harry Potter og dødstalismanene* på nattbordet. Eg har hatt som prosjekt å lesa om att alle bøkene i serien, det var rett og slett for lenge sidan sist.

SKJER DET NOKO SPENNANDE I LOKALLAGET DITT?

Det hender no so mangt, me har som regel medlemsmøte kvar månad. Me hadde nyleg pizzamøte med svært godt oppmøte (det er å finna på Instagram @smibergen). 4. oktober skipar me til nynorskbar, der Ida Haugum skal halda innleiing om nyord i islandsk. Dessutan feirar laget 70 år 23. oktober, det skal nok skje litt då ogso, sjølv om det er ein sundag. So det er med andre ord mykje å sjå fram til!

KJEM DU PÅ SOMMARLEIREN?

Det er enno lenge att til sumarleiren, men me sest i alle fall på haustkonferansen!

KVEN VIL DU GJE STAFETTPINEN VIDARE TIL?

Felix Knuth i «Beinveges utland».

Felix Knuth bur i Tyskland. Han står oppført i medlemsregisteret som del av lokallaget Beinveges utland. Om Felix tek imot stafettpinnen, kan de lese om kvifor ein tyskar er so oppteken med målsaka i Noreg.

fem viktige grunnprinsipp som seier noko om ideala for verket.

lesarar. Det byggjer på stoff frå generelle leksikon, spesialiserte oppslagsverk, fagartiklane skal vera nøyaktige og saklege, og skal derfor ikkje innehalda personlege uttrykk eller liknande.

og artiklar skal så langt som råd få fram ulike standpunkt.

ald er gjort tilgjengeleg under Creative Commons og kan brukast vidare av andre.

tekter andre brukarar, ikkje øydelegg artiklar, prøv å semjast der det er usemje, og

bortsett frå desse fem prinsippa.

prinsipp



malungdom Den gjævaste gebursdagsgåva fekk Ivar av Unge Høgre-medlem @bleikafraeika. Ho har nemleg bestemt seg for å skifte til nynorsk som hovudmål! Høg fem!



smistavanger Til lukke med 203-årsdagen, Ivar Aasen! SmiS feirar med å leggja ei rose på grava og ta ein skamlaus sjølv! #takkivaraasen #nynorsk #malungdom #smis



hopelaus Sápmi er ikkje smått. @noerehorg vitja #sumarleir og kursa oss i samisk – skikkeleg stas! #samiskt #samiska #nynorsk



malungdom Supervervarane i Søre Sunnmøre MU og reiseskrivaren vår har jaggu verva 16 nye medlemmer på ein time! Me tek av oss hatten for denne gjengen og ynskjer alle nye medlemmer velkomen!

Språkstandardisering frå Togo

Twer övkaller autonåd Riksdagsauseð



- Hallä! Vi skulle också vilja vara med!
- Det tjänar ingenting till – de förstår inte vad vi säger.

Striden om statusen for älvdalsk oppsummert i ei karikaturteikning laga av Henrik og Amika Rosenkvist.



Mats
Blekstad

ÄLVDALSK

Då eg for fem år sidan jobba for å promotere lokale språk i Togo, fekk vi utfordringar då vi skulle dele inn omsetjingsarbeidet vårt i grupper etter språk. Togo har 36 eller 42 ulike språk, avhengig av kven ein spør. Dei som snakka gen, ville danne si eiga gruppe. Dei som snakka ewe, peikte på dei og sa at gen berre var ein dialekt av ewe, medan dei som snakka lambda, ikkje ville halde seg til ei rettskrivingsnorm utelukkande basert på talemålet til ein annan landsby. Ei mellombels løysing vart at alle fekk danne eigne språkgrupper og skrive slik det passa dei best.

Ved alfabetiseringsarbeid er dette utfordrande: Det er nesten umogleg for folk å utvikle effektiv ordgjenkjenning og flytande lesing viss kvar tekst dei kjem over, vert stava ulikt. Standardisering av språk kan altså hjelpe med å effektivisere kommunikasjon, men andre agendaer er ofte meir gjeldande

når språk skal standardiserast.

Vi høyrer ofte at det finst cirka 6000–7000 språk i verda. Talet er basert på *Ethnologue*, det største språkleksikonet i verda utvikla av SIL International, ein kristen lingvistorganisasjon med hovudkontor i USA. Mange av dei tidlege lingvistane var misjonærar som drog ut i verda med mål om å omsetje Bibelen, og definisjonen av kva som er eit eige språk, fekk slik misjonsstrategiske mål.

I 2007 vart lista over språk frå *Ethnologue* ein del av Den internasjonale standardiseringsorganisasjonen (ISO). Ikkje alle var nøgde då tre språk frå Sverige var på lista: skånsk, jämtländsk og dalmål. Den svenske staten vart ein av få statar i verda som protesterte mot lista. Slik hindra dei at dei tre variantane fekk eigne språkkodar.

Kva er eigenleg eit språk? Nokre meiner at ulike dialektar er gjensidig forståelege, medan ulike språk ikkje er det, men det finst ingen objektive kriterium som kan avgjere i kvart enkelt tilfelle. Kva vi oppfatar som språk, er ofte påverka av historie. I Europa har nasjonalistiske ideologiar, der kvar etniske gruppe helst skulle ha eigne territorium og eigne språk, vore grunnleggjande. Det er då lett å seie at kva som er eit språk, utelukkande er ei politisk avgjerd. Dette er for tida den

svenske haldninga til spørsmålet.

I Noreg vart det naudsynt å kode norsk, bokmål og nynorsk med tre separate kodar hos ISO, sjølv om vi ikkje oppfatar dette som ulike språk. Difor må både lingvistiske, politiske, praktiske og emosjonelle kriterium vektast når språk vert standardiserte.

For eit par år sidan fekk vi hjelp av den svenske språkorganisasjonen Ulum Dalska til å omsetje ei tekst til det vesle svenske minoritetsspråket älvdalsk, men språket var endå ikkje lagt inn på lista over språk i verda. Älvdalsk vert av svenske styresmakter oppfatta som ein svensk dialekt, trass i at språket skil seg så mykje frå svensk at det for mange svenskar er like uforståeleg som islandsk. Folk i Älvdalen sjølv ser på varianten som eit eige språk og held det aktivt i hevd mellom anna gjennom songar, kulturarrangement, eigen barnehage for älvdalske barn, eige magasin, utvikling av eiga alfabet og rettskrivingsnorm, eige tastatur og ei svært aktiv Facebook-gruppe.

Då vi i fjor la inn søknad om ein språkkode for älvdalsk, protesterte svenske styresmakter igjen. Dei nytta udokumenterte, irrelevante og sprikande argument: for få lingvistar på verdsbasis har høyrte om språket, det finst mange andre unike dialektar i Sverige, älvdalsk held på å forsvinne


på grunn av deira eigen forsvenskingspolitikk (!), og älvdølane har ikkje ein eigen etnisitet. Dessutan seier det svenske språkrådet at älvdalsk ikkje er eit språk, og då er saka ferdig snakka.

Denne gongen var det SIL, den kristne lingvistorganisasjonen, som skulle ta ei avgjerd i saka, og utruleg nok retta dei seg etter ønska til svenske styresmakter utan å kome med eit einaste lingvistisk argument. SIL byrja heller å stille spesialkrav til älvdalsk som ikkje vert stilt til andre språk i verda: Dei kravde dokumentering av minst 50 publiserte verk oppbevarte på eit offentleg bibliotek for å bevise at älvdalsk er eit språk. Kor mange av dei påstytte 6000–7000 språka i verda oppfyller eit slik krav?

Samstundes som språkkoden til älvdalsk vart avvist, vart 14 tidlegare anerkjende språk fjerna frå lista fordi det viste seg at dei ikkje eksisterte likevel. Älvdalsk står i alle fall ikkje i fare for å ende opp som ei slik feilregistrering, og er tvert imot grundig dokumentert av språkforskarar. Avvisinga av älvdalsk som eit eige språk er difor absurd.

Til slutt fekk vi hjelp av ein annan mektig standardiseringsorganisasjon, *Internet Engineering Task Force*, som utviklar språkkodar for internett og digital teknologi. Dei var ikkje i tvil om at älvdalsk var eit språk, og truga

go til Älvdalen



Älvdalen kommune ligg nordvest i Dalarnas län. Mot Noreg grensar Älvdalen til Trysil og Engerdal. Kart: Nordelch / Wikimedia Commons

med å lage sin eigen spesialkode for älvdalsk.

Ingen standardiseringsorganisasjonar likar inkonsekvent standardiseringsarbeid. Difor fekk SIL plutselig press på seg, og så gav dei språkkode til älvdalsk likevell!

Det gav nye tonar frå svenske språkstyresmakter. No uttrykkjer dei bekymring for at standardiseringa av älvdalsk kan medføre at dei 12 älvdalske variantane vert utviska, og at det kan «skade» det språklege mangfaldet i Älvdalen. Men kva med skaden som dagens svenske språkpolitikk påfører alle dei 12 älvdalske variantane? Dessutan: Kven bør få avgjere kva som er eit eige språk? Er det misjonærar, staten, ekspertar eller folk sjølve? Det internasjonale regimet består av institusjonar, organisasjonar, konvensjonar og avtaler som er med på å regulere feltet.

Til sjuande og sist avgjer kvar enkelt stat kva dei vil gjere. Sverige valde å ignorere forskarane og språkbrukarane sjølve, og dessutan

Europarådets traktat om minoritetspråk.

Det er i dag rundt 60 barn som snakkar älvdalsk. Utan straks tiltak kjem kanskje ikkje språket til å overleve. Mange älvdølar har hatt det vanskeleg i den svenske skulen, og gått glipp av lik rett til å bruke morsmålet sitt gjennom utdanninga. No krev Ulum Dalska og folk i Älvdalen at språket vert anerkjent og verna som minoritetsspråk i Sverige. Som dei seier i Dalarna for tida: Rädsla älvdalskan nu eller aldrig!

Stø dei med di underskrift på: www.namninsamling.com/alvdalska_16

Mats Blakstad er prosjektleiar i Globalbilty globalbilty.org facebook.com/globalbiltyproject

Fakta om älvdalsk

- Älvdalsk er eit språk som blir snakka i Älvdalen i Dalarna i Sverige.
- Ein reknar med at språket har mellom 3000 og 4000 talarar.
- Svenske styresmakter reknar älvdalsk for å vere ein svensk dialekt, og ikkje eit eige språk.
- Älvdalsk kom i 2016 med som språk i oversiktsverket *Ethnologue*.
- Svenske styresmakter har klaga på avgjerda om å inkludere älvdalsk som eige språk i *Ethnologue*.

internasjonalt

Øystein Sandve



Snikstandardiseringa i skånsk

Som me målungdommar er smerteleg klar over, finst det stor variasjon i det norske talemålet i tillegg til to norske skriftformer. Sjølv sagt om talemålet på det urbane Austlandet klart er majoritetstalemålet, er det færre som vil påstå at det er standardtalemålet. I nabolanda våre er situasjonen ein annan: Sjølv om dialekter er i bruk i andre europeiske nasjonar, har storparten av desse ei oppfatning av standard- eller riksspråk. Kastar me blikket mot søta bror, ser me nettopp ein slik tilstand.

I Sverige finst «rikssvenska», det standardiserte talemålet som dukkar opp i offentlege debattar, i radio og fjernsyn, og stundom frå munnane til vanlege folk. I motsetnad til det geografisk bundne norske austlandsmålet vert rikssvensken sett på som nøytral – både med tanke på geografi og sosial klasse. Dei som snakkar rikssvensk til dagleg, eller ei form for nær rikssvensk, risikerer å sjå på avvikande former i dialekter som slurvete uttale eller ukorrekt, rett og slett. Me kan ta føre oss eit døme på «ukorrekte» former. Det svenske språket gjekk gjennom ein prosess der det mista dei tidlegare diftongane i språket: monoftongering. Ordformer som «sein» og «bein» vart til «sen» og «ben». Men enno er diftongane tydelege i mange dialekter, blant anna i Skåne og på Gotland. Likevel vil den rikssvensktalande majoriteten ikkje sjå varieteteten som dialekt, men som feil uttale.

Dialekta på Skåne er interessant. Først og fremst har ho ei overflod av særeigne dialektord. Spør du nokon om «de ska va en skorpion, kagemann?», spør du eigentleg: «Vil du ha eit rundstykke, kakse?» Ho skil seg også mykje frå rikssvensk med sine særeigne former og skarre-r. Skåne har i mange hundreår vore underlagt danskane, men målet er likevel langt ifrå dansk. Skånska har vokalt slektskap med både islandsk og sognemål. Der ein i rikssvensk og austnorsk ville brukt «å», har denne vorte ein lang «å» og seinare til den markante diftongen «ao». I likskap med sogningane som roper «stao no pao» på Fosshaugane Campus, ville svensken sagt han var «fraon Skaone».

Sjølv om det skånske målet har tydelege særmerke som særeige tonefall, skarre-r og diftongar, påverkar rikssvensken det skånske målet. Utanom at visse former døyr ut med generasjonane, har rikssvensken ein sånn prestisje at det gjer utslag i den daglege uttalen. Rikssvensken kjem til uttrykk når ein vil poengtera noko eller leggja vekt på noko. I Noreg, derimot, bruker ein tonefall for å oppnå dette. Setninga «det var eg som ikkje gav meg» kan få ulike tydingar etter kor ein legg trykket. Berre prøv! På reall skånsk vert ho slik: «Det var jao såm ente gao mej.» Viss skånen vil leggja vekt på seg sjølv, «jao», vil han mest sannsynleg bruka «jag», som er den rikssvenske ordforma. Dei skånske ordformene «ente» og «gao» vil på same måte gå over til dei standardiserte «inte» og «gav». Kor rart ville det ikkje vore dersom du skulle bruka ei anna dialekt for å poengtera det du meinte. Prøv det òg!

Det viser uansett at rikssvensken har prestisje og autoritet sjølv i motkulturelle Skåne. Det indikerer også at det er standardspråket ein bør bruka når ein meiner noko på alvor.



Skattar i NRKs nett-TV

Martine Rørstad Sand



Statskanalen NRK har som oppdrag å opplyse og underhalde det norske folket. Sidan dei starta å sende fjernsyn i 1960, har det gått mykje spanande på norske skjermar. Mykje av det er å finne i arkivet, og her skal eg gaide deg gjennom nokre av mine favorittar.

For Ivar Aasen-fanatikaren:

«Ivar Aasen – mannen og verket» og «Ivar Aasen – spora han sette»

Du veit Oddgeir Bruaset, han frå «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu»? Søker du på «Ivar Aasen» i søkefeltet, finn du denne serien i to delar, laga av sjølvaste Bruaset i høve Aasen-året i 1996. Første del handlar om Aasen, språkprosjektet og diktinga hans. Andre del handlar om kva Aasen har betydd for norsk språk og kultur. Vel du å setje på dette, har du to timar med topp underhaldning framfor deg, i 4:3-format, sjølv sagt. Plusspoeng for glitrande skodespelarprestasjonar og funky tolkingar av Henning Sommerro.



For den som vil ha noko spanande å snakke om i lunsjen: «Nomino»


Programleiar Gøril Grov Sørdal er eit kjent namn for dei som har lytta til radioprogrammet «Språkteigen» på NRK P2. I første sesong av denne serien utforskar ein personnamn i Noreg og er innom emne som kallenamn og

kvifor folk med namn som Ronny og Johnny ofte blir oppfatta som skurkar. Andre sesong har nett starta, og skal handle om stadnamna våre. Første episode starta friskt med ein tur innom Helvete. Seinare i sesongen skal vi innom sunnmørsøya med 500 innbyggjarar som smykke seg med heile tre namn, og finne ut kvifor det er ein stad i Nord-Trøndelag som heiter Waterloo.



For den som likar sakte-TV: «Severin»

«Der ingen skulle tru at nokon skulle bu»-spin-off. Severin har busett seg på den veglause familiegarden på Rønaset på Sunnmøre, og i denne serien kan du følgje han gjennom tre sesongar der han fiskar, drikk kaffi og ikkje minst finn seg ein kjærast.



For den som er oppteken av at Noreg er meir enn norsk: «Det hemmelige språket» og «Den stille kampen»

«Det hemmilege språket» er ein dokumentar om kvensk språk og kultur. Vi bli tekne med til Finnmark der vi får møte kvener som gjenopppagar språket og identiteten sin etter mange år med usynleggjering frå det norskspråkege majoritetssamfunnet. «Den stille kampen» er ein dokumentarserie i seks delar som lærer deg meir om samisk kultur og historie. Ein er innom emne som joik, kunsthandverk, reindrift og kampen om Alta-vassdraget. Vi får møte folk som kjempar for at språket deira skal bli ført vidare til neste generasjon.



For science fiction-elskaren: «Blindpassasjer»

Lagar vi ikkje sci-fi i Noreg, seier du? Tru om att! Drøymeduoen Bing og Bringsværd laga i 1978 denne framtidsfabelen i tre delar om romskipet *Marco Polo* og dei seks romfararane som endar opp med ein blindpassasjer på veg heim etter ein ekspedisjon. Blindpassasjeren har teke over kroppen til ein av mannskapet, og dei må finne ut kven av dei som er blitt til ein biomat, før skipet deira blir sprengt av myndighetene for å hindre at romvesenet blir med tilbake til jorda. Greier dei å løyse mysteriet i tide?



For den som er glad i god musikk og elleville show: «Eurovision Song Contest» og «Melodi Grand Prix»

I NRK sitt rikhaldige arkiv finn du dei internasjonale Eurovision-finalane frå 2004 og fram til i dag, samt frå åra 1986 og 1996 då Noreg var så heldige å få arrangere finalen i den største musikkonkurransen i verda. Søker du på «Melodi Grand Prix», finn du dei norske finalane heilt frå starten i 1965. Ei kjelde til mange timar med alternativ historieundervisning, og ikkje minst mykje moro.



For den som vil sjå moderne menneske på skjermen: «Unge lovende»

Sesong nummer to av denne serien er under produksjon, og eg kan nesten ikkje vente med å sjå kva venene Elise, Alex og Nenne finn på etter alt som skjedde i førre sesong. Alex gjer alt ho kan for å følgje skodespelardraumen ho alltid har bore på, Nenne slit med presset når ho skal gi ut si første bok, medan Elise prøver å finne sin plass no som ho er heime i Noreg att etter eit hardt og lærerikt opphald i USA.



Nye ting på nynorsk

ROALD DAHL PÅ NYNORSK

13. september skulle Roald Dahl fylt 100 år. Ein del av markeringa er at ei av bøkene hans, *Revolting rhymes*, eller *Raperim og ville vers* som ho heiter på bokmål, kjem i nynorsk attdikting! Boka heiter *Vemmelege vers* og inneheld Roald Dahls egne versjonar av kjende eventyr som *Gullhår* og *Raudhette* fortalt på verseform.

ELEKTRONISK VITNEMÅL PÅ NYNORSK



I vår vedtok landsstyret i Norsk Målungdom ei fråsegn der dei kravde at elektroniske vitnemål som vert lagra i Nasjonal vitnemålsdatabase òg må vere på nynorsk. Lenge var det nemleg slik at det elektroniske systemet berre fanst på bokmål, slik at vitnemåla vart omgjorde til bokmål sjølv om skulen hadde sendt dei inn på nynorsk. Fråsegna vart send til Nasjonal vitnemålsdatabase, Kunnskapsdepartementet og Samordna opptak. Ikkje lenge etter kunne ein lese denne gladmeldinga: Frå og med 2017 vert systemet gjort om, slik at det òg er mogleg å få vitnemålet på nynorsk.

RUSSEMATRIELL PÅ NYNORSK

Før russetida i vår vart Norsk Målungdom kontakta av Olav Magnus Egeland som tykte det var leitt at han ikkje kunne ha russekort som det stod «raudruss» på. Nokon burde få russeutstyrproducentane til å lage kort på nynorsk, meinte han. Det var me heilt samde i. Difor laga me kampanjen #nynorskruissetid for å leggje press på dei største russeutstyrproducentane, Russeservice og Russedress, slik at dei skulle gå med på å lage nynorske russekort.

Kampanjen nytta. Mot slutten av russetida, etter ein del samtalar med Russeservice og Russedress, fekk me svar: Dei har baa stadfesta at dei kjem til å lage nynorske russekort og nynorske strykeemerke til dei som er russ i 2017! Me seier hurra, og takk til medlemmane våre som bidreg til å gjere nynorsken synlegare!

KIRSTI LUNDE



ANNONSE

Prøv

DAG OG TID

– den nynorske vekeavisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS med kodeordet DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøvenummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



I ein galakse langt,



Illustrasjonar: Rune Stølen

Fleire titals tusen år inn i framtida lærer dei ulveliknande romvesena på Tines World å snakke samnorsk. Kva er det som går av sci-fi-forfattarar?



Vegard
Storsul
Opdahl

SCIENCE FICTION

Noreg er eit lite land i verda, og vi må innsjå at norsk språk er totalt framandt for størsteparten av menneska på jorda. Derfor gløder vi opp og synest det er stas når Noreg og norske ting blir nemnt i utanlandske produksjonar, som når Gygrid i *Harry Potter* stolt viser fram draken Norbert av rasen norsk kamrygg («Norwegian Ridgeback»). Tenk det!

For nordmenn er det gøy når Noreg eller norsk språk og kultur dukkar opp i bøker, filmar og seriar frå utlandet. Eksempla er mange, og som regel er det veldig gøy, som når Temperance Brennan i TV-serien *Bones* i ein episode prøver å uttala det norske ordet «skalle» (kan søkast opp på YouTube),

eller når planetdesignaren Slartibartfast i *Haikerens guide til galaksen* av Douglas Adams fortel om da han vann ein pris for å designe fjordane i Noreg.

Tidlegare hadde eg sett slikt først og fremst i fantasysjangeren. Mange fantasyfilmar og -seriar føregår i ei slags mellomalderverd og er tydeleg inspirert av det norrøne, med runer, vikingar, mjød og norskklingande namn på personar og stader, tenk berre på *Ringenes herre*. Lite visste eg om at forfattarar som skriv om framtida, òg gjerne ser til Norden og Noreg for inspirasjon.

NORDMENN I VERDSROMMET

For to år sidan fann eg på å prøve noko nytt. Som akkompagnement til strikkinga haust- og vinterstid såg eg sci-fi-seriar og -filmar på Netflix. Men eg er òg ein bokorm, og da Netflix-menyen var nokolunde oppeten, fall det meg inn at det kanskje fanst enda meir science fiction å lesa. Eg søkte litt rundt på nettet og fann eit flytskjema til hjelp. Eg klikka meg gjennom og enda opp med tre anbefalte bøker. Etter å ha funne ut kor i Oslo ein kan kjøpe

sci-fi-bøker (Outland og Ark Egertorget), bar det til butikken, og sidan har det balla på seg.

Eg har til no pløgd gjennom godt og vel 50 sci-fi-bøker, dei fleste av britiske forfattarar (dei veit kva dei driv med, desse britane), og éin ting er soleklar: Britar synest Noreg er spennande.

Det er sjeldan eg les ei sci-fi-bok utan å møte ein Olsen, Hansen eller Johansson, ein referanse til Noreg og norsk og av og til ein norskætta blant hovudpersonane. Som ihuga norsk lesar gir dette boka ein ny dimensjon, men ofte blir det ufrivillig komisk.

DEI HELDIGE UTVALDE

Eit mykje brukt konsept i sci-fi-bøker er såkalla generasjonsskip. Det er romskip som reiser ut i rommet mot eit mål dei ikkje vil nå før etter fleire generasjonar, gjerne mange lysår unna jorda. Det finn vi for eksempel i serien *Humanity's Fire* av Michael Cobby. I første book, *Seeds of Earth*, møter vi blant andre etterkommarane frå eit av tre generasjonsskip som rømte frå jorda under ein invasjon. Etter nøye utrekning blei det bestemt å befolke og bemanne skipa med etniske samansettingar som matematisk var best skikka til suksess. Det eine skipet blei derfor lasta med russarar, skottar og – utruleg nok – skandinavar, mange av dei nordmenn.

Såleis skjer det at dei kallar byane sine ting som Trond og Trausheim, dei

har gjerne etternamn som sluttar med -sen, og ikkje minst er dialogane krydra med norske gloser. Dei helser med «hei», og i staden for å kalle kvarandre «you bastard» seier dei «you lausunge».

Eg skal ikkje påstå at ordet «lausunge» ikkje vil gjenoppstå som vanleg skjellsord 200 år inn i framtida, men i ei vanleg omsetting frå engelsk vil «you bastard» bli «din jævel» på norsk. Forfattaren (eller forlaget) har tydelegvis gjort litt research og funne ut at «bastard» på norsk heilt rett er «lausunge», men kanskje utan å spørja seg om «lausunge» er eit vanleg skjellsord. Men det er ikkje så viktig – gøy er det uansett.

Mot slutten av trilogien er det òg fleire rørende scener med norsk språk. «Ha det så bra», seier to av hovudpersonane når dei skilst for siste gong. Eg lurar svært på kva ikkje-norsk-kunnige lesarar får ut av det.

TIL DET PARODISKE

Det absolutt beste tilfellet (til no) har eg funne i boka *A Fire Upon the Deep* av Vernor Vinge, ein moderne klassikar frå 1992. Der møter vi både menneske og romvesen, og menneska er norskætta romfarar frå planeten Nyjora (altså «nyjorda»). Dei kjem frå eit område av rommet som heiter Straumli, og familien Olsndot spelar ei sentral rolle.

Språket dei snakkar, heiter samnorsk. Eg tullar ikkje: samnorsk. Når



Langt unna ...

familien Olsndot nødlandar på planeten som seinare får namnet Tines World, lærer etter kvart barna Jefri og Joanna dei lokale vesena, ein slags ulveliknande romvesen som går fleire saman for å danne kollektive bevisstheiter, å snakke samnorsk. Kvifor ikkje.

Som norsk lesar i dag blir dette naturleg nok temmeleg komisk, og det viser ei av fallgruvane ved det å skrive science fiction. Når forfattarane skal sjå for seg korleis framtida blir, tar dei gjerne utgangspunkt i dagens situasjon og følger ei tenkt utvikling inn i framtida. For ein amerikansk författar som i 1992 høyrer om den norske språksituasjonen, er nærliggande å tenke seg at eit norsk framtidsspråk vil heite samnorsk. Hadde forfattaren søkt inspirasjon i Noreg i dag, ville det neppe blitt slik.

EI KURIØS FOLKEFERD

Mange sci-fi-forfattarar ser for seg at menneska i framtida buset seg på eit utal planetar, og arten deler seg gjerne opp i fraksjonar med meir eller mindre krigerske forhold seg imellom. Til forskjell frå fantasy-litteratur utgir sci-fi-bøker seg gjerne for å vera noko som faktisk kan skje, ikkje minst fordi ein viktig del av sci-fi-litteratur er å kommentere notida. Som utgangspunkt for framtidige planetar, krigar, kulturar, religionar, språk og folk er derfor notida. Nokre klisjear finst sjølvsgt. Blant dei er framtidsspråk basert på engelsk med namn som *anglisk* eller *nyanglisk*, ofte er menneskeslekta delt mellom Vesten og Austen der USA eller FN står for det vestlege, og austasiatiske land med Kina i spissen står for det austlege.

Som eksempel kan vi ta sci-fi-serien



The Expanse, skriven av ein forfattar-duo under pseudonymet James S.A. Corey. Så langt er det gitt ut fem bøker (sjette bok hadde opphavleg lanseringsdato i sommar, men blei utsett), og bøkene er i ferd med å bli TV-serie på SyFy Channel, men har foreløpig ikkje komme til Noreg. Der ser forfattarane for seg ei tredeling av menneska i vårt heimlege solsystem: Dei som bor på og rundt dei indre planetane, dei som bur i asteroidebeltet mellom Mars og Jupiter, og dei som bor på og rundt dei ytre planetane. Blant asteroidefolket har det oppstått eit kreolspråk basert på nokre

av dei største språka på jorda, blant anna engelsk, spansk og tysk. Mange av replikkane har innskot av dette kreolspråket.

«REALISTISK» BAKTEPPE

Høyrest det heilt søkt ut? Absolutt! Men som sci-fi-lesar lærer du deg å godta absurde framtidsscenario, dei er der for å gi eit godt og nokolunde verkelegheitsbasert bakteppe for handlinga. Ekstra gøy blir det når det absurde bakteppet er noko du frå før har kjennskap til, som for eksempel når språket er norsk.





Bøker som *A Fire Upon the Deep* får meg sjølvsgt til å undre korleis det er for sci-fi-lesarar i andre delar av verda. Eg (nordmann) les om romfararar og utanomjordiske samfunn som stammar frå Japan, Kina og Uganda, og for meg er innslag av japanske namn og stadnamn og ikkje minst japansk språk med på å gi eit eksotisk og autentisk tilsnitt til boka. Her har forfattaren (som som oftast er britisk eller amerikansk) gjort research, tenker eg.

Når det så dukkar opp referansar til Noreg og norsk, snur det heilt om. Framtidsspråket «samnorsk» er i seg sjølv urkomisk, byen «Traustheim» høyrer ikkje så livleg ut, og at etternamnet «Olsendotter» i framtida skal bli forkorta til «Olsndot», verkar temmeleg usannsynleg. Det avslører at forfattaren berre har overflatisk kjennskap til Noreg og norsk språk og kultur. Det får meg til å undre korleis det er for japanske, kinesiske og ugandiske lesarar når dei kjem over innslag frå eigen språk og kultur.

EIT GODT OMEN?

Eit vanleg scenario i science fiction er at samfunnet går åt skogen – ein såkalla dystopi. At alt blir fantastisk, ein utopi, er heller sjeldan å lesa om. Som regel held menneskeslekta fram med å ha gleder og sorger side om side, berre med ny teknologi og nye heimverder. Forandringane forfattarane ser for seg, kan vi tolke hit eller dit.

Når eg har sett *Star Wars*, *Stargate* og andre, mindre kjente, filmar/seriar der menneske møter romvesen, har det kjenst trist at heile universet til slutt er engelskspråkleg. Men ville det vore betre eller verre om vi enda opp med samnorsk?




Vil du lesa meir om nordmenn i verdensrommet? Da kan du sjekke ut desse bøkene eg nemner i teksten. Dei er frå venstre: *A Fire Upon the Deep* (1992) av Vernor Vinge og trilogien *Humanity's Fire* av Michael Cobley: *Seeds of Earth* (2009), *The Orphaned Worlds* (2010) og *The Ascendant Stars* (2011).

EG BURDE SKRIVE I MOTMÆLE



Ja, det burde du! Ta kontakt med oss om du vil bidra med tekst eller bilde, om du har ein idé, eller om du vil ha noko å skrive om! Kontakt oss på Facebook.com/motmaele eller på e-post: kirsti@nynorsk.no



▼ annonse

Journalistopplæring med løn

«Ballasten eg fekk kan ingen høgskule gi meg like fort»

PRAKTIKANT MALENE INDREBØ-LANGLO

- Effektiv opplæring i moderne avisjournalistikk
- 6 månader med teori og praksis i Firda og sjølvvald avis
- Produksjon av nyhende, reportasjar og bloggar
- Øving i video, foto, frontredigering og datajournalistikk
- Praktikantløn i heile læretida
- Du skriv nynorsk, har stå-på-vilje og vil bli journalist
- Vi tek inn søkjarar med ulik utdanning og bakgrunn
- Opplæringa startar i Førde i januar
- Meir om praktikantstillingane på www.nynorskavissenter.no

Søknadsfrist 15. oktober

nynorskavissenter.no

Nynorsk
AVISSENTER

Motmælekvisen

Ein liten kviss om mål, folk og målfolk. Nokre av svara kan du finne i førre nummer av Motmæle.

Ivar Mekonnen
Germiso Arnesen



1. Når har Ivar Aasen bursdag?
2. Kor mange år ville Ivar Aasen fylt i år?
3. Kva er mellomnamnet hans?
4. Kor mange kommunar hadde Noreg per 1. januar 2016?
5. Kor mange av desse var målformsnøytrale?
6. Kven er leiari i Norsk Målungdom?
7. Kvar kjem leiaren av Noregs Mållag frå?
8. Kven vant Dialektprisen i 2015?
9. Kva er dette samiske uttrykket på nynorsk: «Das ii boah tán suohkat iige málli»?
10. Kor mange levande samiske språk er det?
11. Kor mange av desse finst i Noreg?
12. I kva for eit land er flest morsmål brukt?
13. Når og kor kjem haustkonferansen 2016 til å stå?




14. Kor lenge varer vervekampanjen til Norsk Målungdom?
15. Kva heitte forlauparen til Norsk Målungdom?
16. Kven var den fyrste leiaren i Norsk Målungdom?
17. Kva for nokre minoritetsspråk arbeider Språkrådet og NMU for?
18. Kor mange må ein vere for å kreve samiskundervising?
19. Kva får du om du vervar sju nye medlemmar til NMU?
20. I kva for eit NRK-studio held ein spørjeleiken «20 Spørsmål»?

Fasit	
1. 5. august	9. «Korleige fugl eller fisk»
2. 203 år	8. Artisten Daniel Kvammen
3. Andreas	7. Fredrikstad, Østfold, Noreg
4. 428	6. Sjønnøve Marie Sætre
5. 157	15. Noregs Student- og Elevmållag (NSEM)
6. 11	16. Eirik Aksel Larsen
7. 30. september-2. oktober i Stokke	17. Kvensk, Romant, og Romanes (Samisk er eit urfolksspråk, og er difor ikkje regna som eit
8. 11. 3	18. 11 ikkje-samar kor som helst i landet, ein ikkje same imantar forvaltingsområdet for samisk språk eller ein same kor som helst i landet)
9. 10. 9	19. Ivar Aasen-boksar (ikkje Ivar Aasen-boksar, det hadde vore noko heilt anna)
10. 10. 9	20. Studio 19.

Hamna Motmæle i postkassa til mamma?

Har du flytta for å studere, gå på skule eller noko anna? Hugs på Norsk Målungdom når du melder flytting, så får du Motmæle til rett adresse!

- Gå inn på malungdom.no
- Finn lenka «meld flytting» nedst til venstre
- Skriv kven du er og kvar du har flytta
- Trykk «Send inn»!



Snakk endå breiare dialekt – skriv nynorsk!

av Kirsti Lunde

For nokre dagar sidan sat eg på kafé med ei veninne. Me snakka om korleis det gjekk med oss, korleis sumaren hadde vore, om det gode haustvêret. Det var rett og slett eit heilt vanleg kafébesøk, det var ingen spesielle grunnar til at me møttest, og ingen av oss hadde spennande ting å fortelje kvarandre. Likevel tykte eg det verka som om dama på nabobordet lytta til samtala vår. Ho vipa stadig hovudet svakt mot sida, slik at øyret lengst mot oss peika oppover, nett slik hundar som ser ein annan hund på TV, gjer når dei lurar på kvar alle hundelydane kjem frå.

Etter at me var ferdige med å lovprise vêret, gjekk me over til neste heilt vanlege tema: jobbane våre. Eg snakka om å vere skrivar i Målungdomen, og nett då eg sa eg var «jælma heldig» som får jobbe for nynorsken kvar dag, skjønnte eg at nabodama faktisk lytta. Ho såg rett på oss, heldt meg fast med augo og smilte kryptisk. Eg valde å tolke det som eit smått spydig smil, tykte det verka som om ho var på veg til å bryte inn og tok til å bu meg mentalt på ei standardøving for målfolk: snakke om nynorsk med ukjende folk som ikkje heilt skjønar greia. Og akkurat slik eg trudde: Rett etter at eg var ferdig med setninga, braut ho inn og spurde om ho kunne stille meg eit spørsmål. Eg svara ja og trudde eg visste kva som kom, men aldri i verda kunne eg føresette kva ho faktisk skulle spørje meg om: «Er du frå Otta?»

Otta er sikkert ein kjekk stad. Dei har togstasjon og kinarestaurant og bystatus, dei har eigen køyreskule, kjøpesenter og døgnopen bensinstasjon. Men det finst knapt noko verre for ein lomvær enn å bli teken for å vere frå bygdebyen seks mil lenger ned i Nord-Gudbrandsdalen. Når folk med heilt manglande språkøyre og

geografisk sans lurar på om eg kanskje kjem frå Telemark, smiler eg og seier at det dessverre er feil, men at det hadde vore kjekt, det òg. Men Otta? Aldri i livet. «Nei», svara eg med ein overberande latter. «Eg kjem frå Lom, ein mykje staselegare stad lenger opp i dalen, med Noregs høgaste fjell, Noregs beste drikkevatn i 2005 og Noregs mest høflege og sosialt intelligente innbyggjarar.»

Dama på nabobordet orsaka seg og forklarte misforståinga slik: Ho hadde kjent att dialekten og skjønnte at eg var norddøl, men «eg har budd nokre år i Lom sjølv, ser du, og eg tykte liksom at du prata litt for ... fint.» For eit slag i trynet. Eg har rett nok alle moglege føresetnader for å ikkje snakke den breiaste lomvær. Foreldra mine flytta frå Stavanger til Lom då eg var seks, så eg har ingen besteforeldre eller foreldre som har smelt handa i bordet så middagen har floge veggimellom og ropt: «Du gjev ikkje någå åt o mamma! Du gjev det åt n mamma. Det æ da for svarte fattige dativ!» Men eg har gått ordentleg til verks å lære meg norsk, som barndomsveninna mi kalla det. Eg merka meg setningar eg tykte høyrdest spesielt lomvær-aktige ut, og sa dei sjølv i nye samanhengar. Eg øvde på ord som var vanskelege å seie, og spurde ofte kva ord betydde (for kva er vel eigentleg skilnaden på kaku og kake?). Eg har til og med kjøpt, og faktisk lese, dialektstorverket *Målet i Lom og Skjåk* med eigen grammatikkdel.

No sit eg heime og har isolert meg frå omverda. Eg tør knapt å gå ut med den altfor fine dialekten min. Ei mager trøyst er at målrørsla si kjende parole frå 70-talet, Snakk dialekt – skriv nynorsk, må ha fungert strålende når dialekthetsen no til dags handlar om at ein ikkje snakkar dialekt nok.

Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket



h17d08559

September

28. Studentmøllaget i Nidaros fyller 100 år! Juhul!

30. Haustkonferansen går av stabelen

Oktober

1.–2. Haustkonferanse i Stokke

17.–23. Kampanjeveka «Framtidas superlærer kan nynorsk!»

23. Studentmøllaget i Bergen fyller 70 år! Hurra!

25.–28. Nynorskstafetten 2016 i Fredrikstad og Gudbrandsdalen

November

1.–4. Nynorskstafetten 2016 i Nord-Gudbrandsdalen

7.–11. Nynorskstafetten 2016 i Romsdal

14.–19. Nynorskstafetten 2016 på Nordmøre

Hugs å betala medlemspengar for 2016!

Har du ikkje betalt medlemspengane for 2016 enno? Da er det på tide!

Du kan betala med sms:
Send «MEDLEMSPENGAR» til 2090, så blir 70 kroner trekt frå mobilrekninga di!

Du kan òg betala med nettbank: Overfør 70 kroner til 3450.65.48618 og merk betalinga med namnet ditt.

